

# PRESSEMELDING 05.11.20

Kommunedirektøren sitt framlegg til

budsjett og økonomiplan

presentasjon i kommunestyret 05.11.20



**Volda**  
**kommune**

## **God økonomistyring, omprioritering av ressursar og betre statsbudsjett enn venta gir handlingsrom i Volda kommune.**

Kommunedirektøren legg fram forslag til budsjett og økonomiplan for kommunestyret i dag. Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2021 vart ein del betre enn det som låg til grunn i kommuneproposisjonen som kom i mai. Det var tala frå kommuneproposisjonen administrasjonen bygde på i presentasjonen i Honndalshallen 17. september. Volda kommune får ein vekst på 4,4 % i frie inntekter, og det gjev oss eit visst handlingsrom dersom vi samtidig evner å gjennomføre omstilling. Vi går på ei stram line som inneber at vi må vise ansvar og ha både det heilskaplege og langsiktige perspektivet i sikte. Vi må også ha med oss at Covid 19 har gjort den økonomiske situasjonen uoversiktleg og usikker. Dette gjeld både internasjonalt og nasjonalt. Vi har fått ein reell vekst i 2021. Vi må samtidig innstille oss på å drive effektivt og gjere endringar for å tilpasse oss ein lågare vekst for seinare år.

### **Økonomistyring og effektivisering gir effekt**

I løpet av dette året har det vore gjort ein formidabel innsats med rutiner og tett oppfølging på økonomistyring. Det er vidare gjennomført tiltak for å redusere drifta. Desse tiltaka handlar om digitalisering og effektivisering av arbeidsoperasjonar, strukturtiltak og reduksjon av driftsnivå generelt. Det er i løpet av året redusert med 5,7 stillingar i administrasjonen. Innsparingsmåla i 2020-budsjettet er nådd sjølv om dette året har vore ekstra krevjande. Vi har nettopp vorte ny kommune, og vi fekk koronasituasjonen kasta over oss i mars. Dei tilsette har gjort ein fenomenal innsats med å halde hjula i gang og parallelt effektivisere og redusere drifta.

### **Foreslår å utnytte handlingsrommet**

Sjølv om det er ein pressa økonomi, er det mogleg å skape eit økonomisk handlingsrom i Volda kommune. Kommunedirektøren legg no fram eit budsjett der det vert foreslått å dreie ressursar inn mot tenester med større behov og til samfunnsutvikling. Det er funne plass til ny Volda ungdomsskule, svømmeanlegg, bustadfelt, sentrumsutvikling og brannstasjon. Forslaget baserer seg på at omstillingane og driftsreduksjonane er fullt forsvarleg, og at det handlar om å innstille seg på at ting kan gjerast på andre måtar og med litt mindre ressursar. Dette er konfliktfullt. Det har derfor vore tradisjon i kommunesektoren å bruke meir pengar i staden for å flytte pengar. Endringane i demografien, urbaniseringa, sosiale endringar og auka press på økonomien medfører behov for endring. Skal ein få til endring og utvikling vert ein nødd til å utfordre ulike interesser som vert berørt av endringa. Det er samtidig viktig at alle interesser og behov kjem fram, men dei ulike interessene må avvegast mot heilskapsbehovet og kva retning ein vil for Volda kommune i ei tid der dei ytre faktorane utfordrar oss.

Budsjettprosessen starta tidleg i år og vart ei forlenging av den førre budsjett- og økonomiplanprosessen, der kommunestyret la tydelege føringar for arbeidet. Det vart gitt oppdrag om å konkretisere tiltak for å redusere drifta og finne rom for større investeringar.

## **Aukar ikkje eigedomsskatten – styrkar disposisjonsfondet**

Samtidig vert det foreslått at ein ikkje aukar eigedomsskatten i perioden. Med dei driftsendringane som er foreslått kan kommunen også byggje opp fondsmidlar for å ha buffer mot usikre faktorar og for å handtere renteauke med ei veksande lånegjeld.

## **Styrking tidleg innsats**

Det er foreslått stilling som foreldre- og ungdomsrettleiar. Det er vidare foreslått ei styrking av bemanninga i barnehagen i avdelingar 0 – 3 år.

## **Dreining av ressursane i helse og omsorgstenestene**

Samhandlingsreforma som kom i 2012 har tydeleggjort ansvarsdelinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Pasientane skal ha rett behandling på rett stad og til rett tid. Gjennomstrøyminga frå sjukehusa aukar, og kommunane må organisere tenestekjeda slik at det er dei sjukaste pasientane som er på sjukeheim, og dei som kan få behandling heime skal få tilrettelegging for å bu lenger heime. Sjukehusa har raskare tilpassa seg reforma, og dersom kommunane held fram med same tenesteprofil utan å gjere endringar, så vil det verken vere tilstrekkeleg kompetanse eller økonomi til å yte tenestene. Det må inn ytterlegare nye tankemåtar der ein planlegg ein tenesteprofil som gir tenester på rett nivå og er berekraftig over tid. Dette inneber at vi ikkje kan halde fram med å organisere oppgåvene slik vi gjer i dag. Sektoren har siste åra fått årleg auke i løyvingane som har gått både til institusjonsdrift og styrking av heimebasert omsorg. I tråd med samhandlingsreforma foreslår ein i økonomiplanen å redusere talet på institusjonsplassar ved å ta ned ei bugruppe på Volda omsorgssenter i 2023. Fokuset framover er å tilretteleggje for at fleire kan få tenester slik at dei kan bu heime lenger. Ei omlegging med større dreining mot heimebaserte tenester er ei omlegging som må planleggjast.

## **Forslag om nye driftsreducerande tiltak**

Samla for dei fire åra er det foreslått vesentlege endringar for å kunne prioritere tenester som har større behov og nye investeringar. Samanlikna med dei andre tenesteområda, så er helse- og omsorgssektoren noko skjerma, då dette er det tenesteområdet ut i frå demografien som vi forventar størst utfordringar framover. I økonomiplanen for 2020 – 23 var det lagt inn ei forventa innsparing og effektivisering på om lag 46 millionar. Bortsett frå dei 10 millionane som skulle hentast inn i 2020 var innsparingstiltaka ikkje konkretisert. Det vart derfor innhenta ei ekstern analyse for å sjå på potensialet for frigjeringsressursar. Analysen frå KS Konsulent viser at Volda kommune kan drifte tenestene til om lag 41 millionar billegare og samtidig kunne levere tenestene innanfor krava i lover og forskrifter. Det er langt færre forslag som vert fremja no etter at vi fekk statsbudsjettet, enn det som var vurdert tidlegare i haust. Det er foreslått å slå saman kjøkkendrifta og køyre ut mat frå Volda til Hornindal til liks med matombringinga elles til institusjonar og bueiningar utanfor Volda omsorgssenter. Det er foreslått å effektivisere vaskeritenesta ved å byggje og drifte denne sjølv. Austefjord barnehage er foreslått lagt ned. Det vert foreslått å overføre ungdomssteget ved Folkestad skule til Volda ungdomsskule frå hausten

2024. Dette er eit utdrag av ulike tiltak, og det vert synt til budsjettdokumentet med vedlegg om konsekvensutgreiingar.

### **Koronatiltak også i 2021**

Vi må vere budde på at Covid 19 vil råke oss også neste år, og at dette vil få kostnader for kommunen. Regjeringa foreslår å kompensere for kostnadene med ei tilleggsløyving i statsbudsjettet. For Volda utgjer dette 8,5 millionar som kommunedirektøren foreslår vert reservert til å dekkje meirutgifter med koronasituasjonen.

### **Kontaktpersonar**

Kommunedirektør Rune Sjurgard - tlf 90053752

Økonomisjef Kari Mette Sundgot - tlf 90601680